



MØTEPROTOKOLL

Utval Formannskapet og næringsutvalet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 10.06.2020

Start kl.: 09.40 (etter generalforsamling i Sage kraftverk)
Slutt kl.: 13.45

Til stades på møtet

Medl.: Ivar Kvalen, Marit Aakre Tennø, Knut Hauge, Geir Arve Sandvik,
Morten Johan Vigdal.

Forfall: Marianne Bugge, Elin Hauge

Varamedl.: Per Steinar Sviggum, Anette Stegegjerdet Norberg.

Frå adm. (evt. andre): Rådmann Jarle Skartun

**Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.
Sak 76 vart handsama som ekstrasak i møtet.**

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
61/20	20/1825 Godkjenning av møteprotokoll
62/20	20/1800 Digital Etikett AS. Finansiering
63/20	20/1744 Lustrabaatane AS sommaren 2020
64/20	20/1745 Lokale til bruktbutikk - kommunal støtte
65/20	20/1899 Sogn skisenter AS. Søknad om finansiering.
66/20	18/841 Tilskot hjortegjerde gnr. 81/1 Bård Flattun Lilleeng
67/20	20/1741 Søknad om tilskot til hjortegjerde for gbnr. 3/3 Jan Norvald Steig
68/20	20/1705 Ny renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS - høyring
69/20	20/1875 Heiltidskultur og rekruttering

- 70/20 19/3755
Val av meddommarar til lagmannsretten, tingretten, jordskifteretten, skjønnsmedlemer. Handsaming av fritak.
- 71/20 20/1542
Søknad om skjenkeløyve - Tungestølen AS Luster Turlag
- 72/20 20/1615
Søknad om skjenkeløyve - Kafe Motti
- 73/20 20/364
Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune
- 74/20 20/1907
Økonomireglement for Luster kommune
- 75/20 20/1224
Referat- og drøftingssaker formannskapet 10. juni
- 76/20 **Søknad om skjenkeløyve – sommarkafè i Solvorn. Nesten heime – kafè og kajakk.**

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

61/20

Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteprotokollen.

VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet den 13.05.20 vert godkjent.

Morten Johan Vigdal og Knut Hauge vert valde til å skrive under på møteprotokollen.

62/20

Digital Etikett AS. Finansiering

Handsaming:

Skrivefeil på beløp i saksutgreiing vart påpeika og vert retta opp.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Digital Etikett AS får eit tilskot stort kr 75.000 til utviklingsarbeid i samband med større investeringsprosjekt ved verksemda. Tilskotet vert finansiert ved posten Bedriftsutvikling.

63/20

Lustrabaatane AS sommaren 2020

Handsaming:

Formannskapet understreka at dei statlege støtteordningane som kjem selskap/sambandet til gode skal reknast inn i oppgjeret i høve garantien.

Arbeidarpartiet sette fram tillegg til tilråding: Selskapet skal ikkje ta ut utbytte i neste 5-års periode. Framlegget fekk 2 røyster (MJV, ASN).

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster. (MJV, ASN, GAS.)

VEDTAK:

Lustrabaatane AS får ein kommunal garanti for inntil kr 1.000.000 i tapte billettinntekter i 2020 på sambandet Urnes – Solvorn samanlikna med trafikktalet i 2019. Grunnen til tapte inntekter er færre turistar grunna koronapandemien. Garantisummen vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.

Lustrabaatane AS set opp eit rekneskap over drifta av ferja etter utgangen av året 2020, eit slikt rekneskap skal og inkludere dei kontanttilskota selskapet har motteke frå Staten. På bakgrunn av dette rekneskapet vil så rett garantisum inntil 1 mill kr, bli utbetalt frå Luster kommune til Lustrabaatane AS.

Rutefrekvensen på sommarrutene i 2020 vert noko redusert. I mai har det vore noko reduserte ruter, det held fram til 20. juni med litt auke. Frå 20. juni til 1. september vert det vanlege sommarruter og i september går ein attende til mairuta i 2020.

64/20

Lokale til bruktbuikk - kommunal støtte

Handsaming:

Rådmannen presiserte at kommunen sitt engasjement er grunna i både økonomisk støtte til Pyramiden AS og å hjelpe fram etablering av bruktbuikken.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune støttar etablering av bruktbuikk i Pyramiden.

I prosjektperioden på 3 år frå 01.08.20 garanterar kommunen for samla husleige på 400.000 i året mot at bruktbuikken refunderar noko av leiga etter ein modell som er progressiv i høve omsetning, jf skissa i saksutgreiinga.

Prosjektet vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.

Rådmann har fullmakt til å inngå avtale.

65/20

Sogn skisenter AS. Søknad om finansiering.

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Sogn skisenter AS får eit tilskot stort kr 250.000. Tilskotet skal finansierast ved forbruk av næringsfondet.

Sogn Skisenter AS får og utsett betaling av renter og avdrag på sine lån i næringsfondet til 1.10.21. Etter perioden med utsetjing vert renta lagd til hovudstolen og lånet skal betalast ned over eitt og eitt halvt år lengre tid enn opprinneleg vedtak.

66/20

Tilskot hjortegjerde gnr. 81/1 Bård Flattun Lilleeng

Handsaming:

Per Steinar Sviggum fekk permisjon og deltok ikkje i handsaming av saka.

Anette Stegegjerdet Norberg tok opp sin habilitet knytta til vennskap med søkar/søkar si kone. (jf fvl. §6 andre ledd.)

Formannskapet sa ASN habil til å delta i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

I medhald av det kommunale viltfondet § 5a, får Bård Flattun Lilleeng utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjent materialkostnad. Maksimalt utbetaling er inntil 75 kr pr. m gjerde, portar inkludert. Tilskotet blir utbetalt i etterkant på grunnlag av framlagd dokumentasjon og sluttsynfaring. Den samla prosjektramma er på 77 201 kr, og øvre ramme tilskot blir på kr 57 901.

Med tilskotet fylgjer desse vilkår for hjortegjerdet:

- Gjerde skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng
- Det er krav om topp og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte
- Stolpe av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm i dimensjon. Til hjørnestolp bør grovare dimensjonar nyttast saman med bardunar.
- Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 meter under føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.

67/20

Søknad om tilskot til hjortegjerde for gbnr. 3/3

Jan Norvald Steig

Handsaming:

Per Steinar Sviggum fekk permisjon og deltok ikkje i handsaming av saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

I medhald av det kommunale viltfondet § 5a, får Jan Norvald Steig utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjent materialkostnad. Maksimalt utbetaling er inntil 75 kr pr. m gjerde, portar inkludert. Tilskotet blir utbetalt i etterkant på grunnlag av framlagd dokumentasjon og sluttsynfaring. Den samla prosjektramma er på 116 490 kr, og øvre ramme tilskot blir på kr 86 250.

Med tilskotet fylgjer desse vilkår for hjortegjerdet:

- Gjerde skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng
- Det er krav om topp og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte
- Stolpe av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm i dimensjon
- Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 meter under

føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.

68/20

Ny renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS - høyring

Handsaming:

Ordførar Ivar Kvalen gjekk frå som ugild grunna at han er nestleiar i styret i SIMAS IKS.

Formannskapet fremja tillegg til tilrådinga: SIMAS IKS bør vurdere å halde fram med kompensasjon/gebyrlette til dei som heimekomposterar.

Rådmannen si tilråding med tillegg sett fram i møte vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

- Luster kommune støttar i hovudsak framlegget til ny renovasjon- og slamgebyrforskrift for SIMAS IKS.
 - SIMAS IKS må i gebyrsatsar for hytte/fritidsbustadar vise kva grunngbyret og/eller variabel del er.
SIMAS IKS bør vurdere om ikkje nivået på grunngbyret(fast del) er for høgt i høve variabel del. SIMAS IKS bør vurdere om ikkje formuleringar for fritak bør opna for ordning med meir langvarig og større fritak enn det vert lagt opp til.
 - SIMAS IKS må ta stilling til om tilleggsgebyr på ein hentestad som ikkje ligg direkte ved køyreveg og skal gjelde nedgravne løysningar.
 - SIMAS IKS bør vurdere å halde fram med kompensasjon/gebyrlette til dei som heimekomposterar.
-

69/20

Heiltidskultur og rekruttering

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Omsorgstenesta skal vidareføre og intensivere arbeidet mot ein heiltidskultur. God kunnskap og god forankring hjå leiarar, tillitsvalde og tilsette er ein føresetnad for å lukkast. Kommunestyret ber om at det vert lagt vekt på følgjande i det vidare arbeidet:
 - a. Felles forståing av omgrepet og konseptet *heiltidskultur*.
 - b. Finne måleindikatorar som syner i kva grad ein har ein heiltidskultur.
 - c. Følgje opp dei sentrale partane si heiltidserklæring.
 - d. Vidareutvikle årsturnusen som eit reiskap for å fremje heiltidskultur.
 - e. Etablere fleksible system som kan møte ulike behov og ulike driftssituasjonar.
 - f. Gjennomføre årleg evaluering av arbeidet og rapportere i årsrapporten.
2. Ei arbeidstidsorganisering som gjev mange små helgestillingar og mange ledige vakter på helg er ei stor utfordring for drifta, og gjer det vanskeleg å nå mål om heiltidskultur. Kommunestyret ber difor om at arbeidet med utprøving av nye arbeidstidsordningar som fremjar heiltid vert vidareført.
3. Rekruttering av helsepersonell er avgjerande for å oppretthalde eit godt tenestetilbod. Den største utfordringa er rekruttering av sjukepleiarar og

helsefagarbeidarar. For å sikre rekruttering av desse to yrkesgruppene er følgjande tiltak særleg aktuelle:

- a. Tilbod om etter- og vidareutdanning for eigne tilsette
- b. Utdanningsstipend til sjukepleiarstudentar

70/20

Val av meddommarar til lagmannsretten, tingretten, jordskifteretten, skjønnsmedlemer. Handsaming av fritak.

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Med heimel i domstollova §§ 68 og 74 vedtek formannskapet at Tordis Skjerdal Rauboti og Edith Flugheim vert fritekne frå meddommarverv i perioden 2021-2024.

Formannskapet tilrår at kommunestyret, med heimel i domstollova § 68 2.ledd vel følgjande personar for valperioden 2021-2024:

Meddommarar i lagmannsretten:

3 kvinner:

Bjørg Stegegjerdet, Gaupne
Turid Øiene, Skjolden
Marianne Hauglum, Luster

3 menn:

Claus Rumohr Moe, Hafslø
Ole Martin Bakken, Skjolden
Torbjørn Tuften, Gaupne

Meddommarar i tingretten:

6 kvinner:

Jorunn Ødegård, Gaupne
Oddrun Karin Fossen, Gaupne
Susanne Heen Veum, Gaupne
Eli Hansen Moen, Skjolden
Judith Gausdal, Hafslø
Sissel Olstad Morken, Marifjøra

6 menn

Asbjørn Røneid, Gaupne
Trygve Lerum, Sørheim
Geir Arne Kvam, Hafslø
Frode Olav Haara, Hafslø
Thorleif Hurthi, Marifjøra
Svein Arve Ruud, Solvorn

Meddommarar i Jordskifteretten:

4 kvinner:

Eva Røneid, Gaupne
Brita Torlaug Leirdal, Luster

Bente Helene Skildheim Nes, Veitastrond
Anja Iren Hilleren, Veitastrond

4 menn:

Jermund Hagen, Solvorn
Harald Hess, Hafslø
Johannes Hauge, Skjolden
Jarle Ruud, Jostedal

Skjønnsmedlemer.

Kommunestyret foresler, fylket i Vestland vel:

5 kvinner

Olaug Høyheim, Høyheimsvik
Torunn Gauteplass Hønsi, Gaupne
Ann Kristin Sperle, Høyheimsvik
Hanne Teigen, Gaupne
Bergljot Buskaker, Hafslø

5 menn

Odd Atle Stegegjerdet, Gaupne
Dagfinn Kjos, Marifjøra
Ole Martin Bakken, Skjolden
Per Ivar Lomheim, Hafslø
Tom Idar Kvam, Hafslø»

71/20

**Søknad om skjenkeløyve - Tungestølen AS
Luster Turlag**

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Med heimel i Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk § 1-6, får Tungestølen AS generelt skjenkeløyve på Tungestølen turisthytte, Veitastrond slik:

Turisthytte med kafe/restaurant og overnatting:

Skjenkeløyve for drikk som inneheld opp til 60% volumprosent alkohol, Gruppe 1, 2 og 3. (øl, vin og brennevin)

Løyvet gjeld

Innandørs i «Felleshuset» i resepsjon, matsal og peisestove på tilsaman Ca 150 m² med plass til ca 60

Utandørs på merka/avgrensa område utanfor bygningane på ca 80 m² tilsaman.

Ansvarleg skjenkestyrar: Rune Hilleren Dokken

Reservestyrrar Mette Grøslund.

Skjenkeløyvet vil gjelda frå den dato reservestyrrar har levert godkjend kunnskapsprøve for skjenking av alkohol til 31. september 2020.

Skjenketider:

Skjenking av øl og vin innandørs skal vere avslutta kl. 01.30.
Skjenking av brennevin innandørs skal vere avslutta kl. 01.00

Skjenking utandørs skal vere avslutta kl. 23.00

72/20

Søknad om skjenkeløyve - Kafe Motti

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Med heimel i alkohollova § 1-6 får Stein Næss, Høyheimsvik generelt skjenkeløyve for kafe Motti slik:

Skjenkeløyve for drikk som inneheld opp til 22% volumprosent alkohol, Gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Innandørs:

I lokale på om lag 100 m² med ca. 60 sitjeplassar.

Utandørs:

På terrasse ved sida av kafeen på om lag 70 m² med plass til ca 40.

Skjenkestyrar: Stein Næss

Reservestyrrar: Berit Rita Grødem

Løyvet trer i kraft frå den dato styrarane har levert godkjend kunnskapsprøve for skjenking av alkohol, og gjeld til 30. september 2020.

Skjenketider:

Skjenking inne skal vere avslutta kl. 01.30.

Skjenking utandørs skal vere avslutta kl. 23.00.

73/20

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune.

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kommunestyret vedtek framlegg til «Forskrift [01.01.20] om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune.», jf vedlegg datert 05.03.20.

74/20

Økonomireglement for Luster kommune**Handsaming:**

Formannskapet drøfta gjennomføring av økonomiprosessane som er skissert i reglementet.

GAS fremja tilleggsframlegg (nytt kulepunkt nr 4, side 7 under; *Milepælar i arbeidet*): Kommunestyret vedtek «Top-Down» ramme pr tenesteområde og ramme for investeringar i løpet av august. Rådmannen tilrår, basert på tilgjengeleg informasjon på dette tidspunktet. Kommunestyret kan be om utgreingar i høve aktuelle alternativ i den vidare budsjettprosessen. På tenesteområder med vesentlege endringar i driftsnivå utarbeidar deretter rådmannen ulike alternativ for korleis innsparingar kan realiserast. Alternativa skildrast med økonomisk effekt og konsekvensar for tenestetilbod/-anna.

Rådmannen si tilråding med tillegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kommunestyret vedtek økonomireglementet for Luster kommune, datert 01.06.20, slik det ligg føre etter handsaming i formannskapet 10.06. (inkl. nytt kulepunkt side 7)

75/20

Referat- og drøftingssaker formannskapet 10. juni**Handsaming:****Skriftleg orientering:****Eksternt:**

-

Interkommunalt:

- Protokoll representantskapsmøte 24.04. SIMAS IKS – *ikkje motteken.*
- Protokoll representantskapsmøte 24.04. SBR IKS –*referert.*
- Rapport ny Miljøstasjon. (Norconsult.) –*referert, SIMAS ser på planane og gjer nye budsjettvurderingar.*

Internt:

- Rapport delegerte vedtak. –*referert.*
- Notat; Planstrategi. (20/753-12.) –*referert, rådmann orienterte.*
- Notat; Korona og næringsliv..(20/899-6) –*referert, rådmann orienterte. Betalingsfrist for ES næringsliv vert utsett til 15.11.*

- Notat; Gaupne barnehage. (19/251-13) –referert, rådmann orienterte. Planarbeidet for Øyagata vil inkludera området ved barnehagen.

Orientering i møtet:

Ordfører:

- Kommunestyre 18.06. –referert. I tillegg til ordinær sakliste/sakshandsaming vert utmerking «Årets bedrift 2020» utdelt på møtet.

Rådmann:

- Korona, status. –referert. *I stor grad normal drift, beredskapsplanlegging under arbeid.*
- Økonomisk utvikling kommuneøkonomien. – *Dramatisk inntektssvikt, spesielt kraftøkonomien gir grunn til uro. Korona- konsekvensar usikre. Drift og investeringar elles i bra samsvar med budsjett.*
- Hafslo barnehage, arkitektkonkurranse. – *Konkurransen vert utlyst på fredag fk.*

Næringssaker, ev. ikkje off.:

- Bluefjords/Datasenter –ev planarbeid. –referert.
- Harastølen. (godkjenning av avtalar på ekstra møte) – *ekstra møte etter 18.06, ev den 24.06 – det vert gitt nærare melding.*
- Fiberutbygging 2020-21. – *Avtalar for utbygginga, inkl finansiering er på plass. (Fortun, Mørkridsdalen, Fjøsneane, Indre Hafslo...)*

Personal- og administrative saker, ev. ikkje off.:

- Lønsoppgjeret 2020. –referert.
- Bemanningsendringar. –referert.

Orientering/ Drøfting i møtet:

- Plan for dialogmøte 27.-28. august – Program for samlinga ?
Ordførar og rådmann sender ut skisse for ev innspel til formannskapet.
Det vert sett av 2 heile dagar til samlinga.

Open post:**Eventuelt/innspel i møtet:**

- Reguleringsplan Gjerde. Kva med å utvida reguleringsplanområdet i pågåande planarbeid?

Dagsorden for møtedagen:

09.00-09.30 Generalforsamling Sage.
09.40-11.30 Sakshandsaming
11.30-12.00 Lunsj
12.00-13.45 Sakshandsaming/drøftingar.

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Ekstrasak i formannskapet

76/20 Søknad om skjenkeløyve for kafeen i Solvorn: Nesten heime, kafe- og kajakk.**Handsaming:**

Formannskapet handsama saka som ekstrasak i møtet.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Med heimel i alkohollova § 1-6 får Steinar Rorgemoen generelt skjenkeløyve for sommarkaféen i Solvorn: «Nesten heime, kafè og kajakk» slik:

Skjenkeløyve for drikk som inneheld opp til 22% volumprosent alkohol, Gruppe 1 og 2 (øl og vin)**Innandørs:**

I lokale på om lag 89 m² med ca. 30 sitjeplassar.

Utandørs:

På terrasse ved sida av kafeen på om lag 50 m² med plass til ca 30.

Skjenkestyrar: Steinar Rorgemoen

Reservestyrar: Grete Bugge

Skjenketider:

Skjenking inne skal vere avslutta kl. 01.30.

Skjenking utandørs skal vere avslutta kl. 23.00.